

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	10.09.2021
Tid:	09:00-09:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Sigrid Rønneberg	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bente Borghild Underthun	Medlem	SAFO
Egil Bru Overaa	Medlem	FFO

Merknader

Anita Helen Hammerseth Æsøy - møte ikkje, forfall ikkje meldt
Gunn Åmdal Mongstad kom 09:15.
Det var seks representantar til stades.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Arild Knapskog	Rådgevar / møtesekretær, politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
GK 11/21	Godkjenningssaker Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Referatsaker		
RS 29/21	Løypemelding om tilpassa opplæring og spesialundervisning	2020/77152	
RS 30/21	Utviding av distriktmusikarordninga - oppfølging og finansiering	2020/77152	
	Politiske saker		
PS 29/21	Nye Kvam vgs - romprogram og sambruk med Kvam herad	2020/77152	
PS 30/21	Høringsinnspel - revidering av nasjonale faglege råd om fysisk aktivitet og tid i ro	2020/77152	
PS 31/21	Miljøløftet si årsmelding 2020	2020/77152	

Godkjenningssaker

GK 11/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 29/21 Løypemelding om tilpassa opplæring og spesialundervisning

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

Saka vart referert.

RS 30/21 Utviding av distriktmusikarordninga - oppfølging og finansiering

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

Saka vart referert.

Politiske saker

PS 29/21 Nye Kvam vgs - romprogram og sambruk med Kvam herad

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF vil på prinsipielt grunnlag vise til at alle born og unge har ein rett til å gå i vanleg klasse, og på nærskulen eller den skulen dei søker seg til. Denne retten gjeld også mennesker med nedsett funksjonsevne. Eigne klassar for Arbeids- og kvardagslivstrening (AKS) utfordrar det, og kan i realiteten føre til framhald av «spesial-skule»-tenkinga og føre til utanforskap og dårlegare integrering. (Viser til NOVA Rapport 5;2021, Oslo MET: «Sosial og digital deltagelse. Skole og internett som integreringsarena for barn og unge med fysiske funksjonsnedsettelse»)

Vi reknar med dette vil vere tema i det strategiarbeidet som skal gjennomførast for Tilpassa opplæring og spesialundervisning. Eit romprogram som legg opp til egne klasserom for elevar med behov for arbeids- og kvardagslivstrening må derfor fungere som fleksible grupperom og ikkje sementere ei deling av elevar etter funksjonsevne.

RMNF vil også peike på at heisane må vere store nok til å romme dagens rullestolar. dvs vere større enn minimumskravet på 0,9 m dørbredde.»

Avrøysting

Det var 5 til stades under voteringa.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

RMNF vil på prinsipielt grunnlag vise til at alle born og unge har ein rett til å gå i vanleg klasse, og på nærskulen eller den skulen dei søker seg til. Denne retten gjeld også menneske med nedsett funksjonsevne. Eigne klassar for arbeids- og kvalitetstrening (AKS) utfordrar det, og kan i realiteten føre til framhald av «spesialskule»-tenkinga og føre til utanforskap og dårlegare integrering. (Viser

til NOVA Rapport 5;2021, Oslo MET: «Sosial og digital deltagelse. Skole og internett som integreringsarena for barn og unge med fysiske funksjonsnedsettelse»

Vi reknar med dette vil vere tema i det strategiarbeidet som skal gjennomførast for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Eit romprogram som legg opp til eigne klasserom for elevar med behov for arbeids- og kvardagslivstrening må derfor fungere som fleksible grupperom og ikkje sementere ei deling av elevar etter funksjonsevne

RMNF vil også peike på at heisane må vere store nok til å romme dagens rullestolar. Dvs. vere større enn minimumskravet på 0,9m dørbredde.

PS 30/21 Høyringsinnspel - revidering av nasjonale faglege råd om fysisk aktivitet og tid i ro

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

Trude Brosvik (Krf) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF ber Vestland fylkeskommune ta inn følgjande punkt i høyringsinnspelet sitt:

Fylkesutvalet etterlyser at dei faglege råda ikkje omhandlar menneske med nedsett funksjonsevne, eller presiserer om framlegget også gjeld for grupper med nedsett funksjonsevne.

Avrøysting

Det var 5 til stades under voteringa

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

RMNF ber Vestland fylkeskommune ta inn følgjande punkt i høyringsinnspelet sitt:

Fylkesutvalet etterlyser at dei faglege råda ikkje omhandlar menneske med nedsett funksjonsevne, eller presiserer om framlegget også gjeld grupper med nedsett funksjonsevne.

PS 31/21 Miljøløftet si årsmelding 2020

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Tillegg:

RMNF sluttar seg til årsmeldinga slik den ligg føre.

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

RMNF sluttar seg til årsmeldinga slik den ligg føre.